

## Steile strandsone-standpunkt og inga løysing

24.02.2011



Synfaringa gjekk føre seg i føremiddag. Drivarane av dei to anlegga var også med.

Meklingsmøtet om reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen ga som venta inga løysing. Møtet vart halde i føremiddag. Fylkesmannen og kommunen stod steilt mot kvarandre.



**Fylkesmannen og kommunen stod steilt mot kvarandre**

Saka går difor videre og endar truleg i departementet til avgjerd.

Stridens eple er campingvognane som er parkerte langs utløpet av elva og også denne saka gjeld strandsonestriden som er eit stort politisk spørsmål på nasjonal basis.

Fylkesmannen er ikkje villig til å trekke motsegna som går ut på at vognane skal fjernast.

Fylkesmannen hevdar at også denne saka gjeld nasjonale interesser som knytter seg til strandsonane og at partiet langs elva bør vernast som naturområde.

Kommunen meiner på si side at saka no er inne i eit positivt spor i og med at grunneigarane i området no er samde om eit konstruktivt samarbeid.

Konsekvensen av at vognane blir ståande langs elva er ikke ålvorleg nok til å stoppa denne gunstige utviklinga, meiner kommunen.

Vognane kan også eventuelt fjernast.

Også drivarane Steinar Myklebust og Geir Enes var med på den knapt timelange synfaringa, men ikkje på meklingsmøtet etterpå. Dei som møtte fra Fylkesmannen var assisterande fylkesmann Rune Fjeld, seksjonssjef i miljøvernavdelinga Egil Hauge og juridisk rådgjevar Wilhelm Lund. Administrasjonen i kommunen var representert av verksemdsleiar Tormod Fossheim, saksbehandlar Ingo Bewer og rådgjevar Anbjørn Høivik. Politikarane Elin Legland (Senterpartiet) og Tove Lill Lakselv (Framstegspartiet) var utpeika av forvalningskomiteen til å målbera det lokale politiske syn på saka.

Det som no først vil skje i denne langdryge saka er at kommunen tar ho opp til sluttbehandling. Det vil skje etter den vanlige prosedyren som endar i kommunestyret. Hvis kommunestyret godkjenner reguleringsplanen med feltet for campingvognane på plass går saka videre til Miljøverndpartementet for endeleg avgjerd.

Dei som deltok i meklingsmøtet har denne konklusjonen:

-Partane sto steilt mot kvarandre og ingen var villige til å gje noko.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Vognane langs elva er kjernen i saka. Dette biletet er teke frå den andre sida.